



ÅRSMØTEPAPIR

VIKEDAL UNGDOMSLAG

2025

09.03.26

TEAMS

Vikedal



u n g d o m s l a g

...for ei aktiv bygd!



SAKLISTE ÅRSMØTE 2025

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar
3. Årsmelding 2025
4. Regnskap 2025
5. Budsjett 2026
6. Val 2026
7. Aktivitetskalender 2026
8. Innkomne saker
9. Eventuelt



ÅRSMELDING 2025

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Stina Kvaløy Krokedal (styremedlem), Monica Isaksen (vara)

Styret har også dette året hatt lite fysiske møte, kommunikasjon har helst gått på lukka Facebook-gruppe. VUL har behandla nokre saker fortløpande på ein grei måte.

Det har vore eit roleg år, men har likevel som mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda. VUL gav økonomisk støtte til Vikedal klatrevegg (20.000 kr) og Vikedal Laugarlag (5.000 kr). Også dette året har VUL gitt støtte til lønsutgifter til instruktør for dansekurs for småskulen. Til dette fekk me støtte frå frifondet til Noregs Ungdomslag.

Når det gjeld amfiet, som VUL hadde lagra på Røde Kors huset, var meininga skulle monterast på Vikedal Bygdahus, men ymse grunnar gjorde at dette ikkje blei noko av. VUL laga ei annonse på Facebook og heldigvis tok UL Skjoldafjord kontakt, som fekk amfiet mot henting. VUL hadde ikkje økonomi til å lagre dette på Røde Kors huset og var tvungen til å gi det bort. Men, det er kjekt å sjå at det blir godt brukt i Skjold.

I samband med representasjon så blei, som vanleg, VUL invitert til Sandeid UL sitt barneteater Folk og Røvere i Kardemomme by 29.11.25. Gratulerer nok ein gong til SUL for flott gjennomført barneteater.

Noko inntekt har VUL fått på utleige av lyd – og lysanlegg.

Vikedal Ungdomslag fekk heile 15.000 kroner i støtte frå gåvefondet til Haugesund sparebank. Desse pengane set Vikedal Ungdomslag veldig stor pris på - det betyr at laget kan halda fram med å tilby aktivitet for barn, unge og eldre. Støtta skal brukast til å vidareføre dansekursa for 1-7 klasse. Tusen takk til Haugesund Sparebank for støtta.

VUL søkte også integreringstilskot frå kommunen og fekk 10.000 kr til danseopplegget for barneskulen. Dette set VUL stor pris på.

Under Sommarfestivalen i Vikedal 12. juli hadde VUL underhaldning for barna ved gode gamle Kaptein Hjørnetann. I år var det første gong ei kvinneleg Hjørnetann, Tomine Hundseid Dahlberg, som tok på seg rolla som den snille piraten. Det var nok ein gong stor suksess med dette innslaget for barna, som fekk jakte på gullpengar saman med Kaptein Hjørnetann. Dei klarte også å spore opp Johann M. Reinertsen, som er leiar for DriftsTeamet til Vikedal Bygdahus og Idrettshall. Han gjekk planken og lagde show for alle barna som møtte opp. Det var som vanleg også høve til å ta bilder saman med kapteinen etterpå.



V.U.L har søkt og fått desse midlane i 2025:

- Frifondsmidlar:	10. 246 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune:	15.000 kr
- Integreringstilskot Vindafjord kommune:	10.000 kr
- Støtte frå Haugesund Sparebank sitt gåvefond på	15.000 kr

Dette året fekk VUL heile **14.412,40 kroner** som Grasrotmottakar. Dette er nok ein gong ny rekord for oss som organisasjon, litt over 200 kroner meir enn i 2024. Me håpar etter kvart enda fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år med mykje kjekk aktivitet for barn og unge i Vikedal og omegn.

Takk for i år!

Nils Erik Eide


Leiar Vikedal Ungdomslag

Vikedal ungdomslag



...for ei aktiv bygd!



 Regnskap for Vikedal Ungdomslag 2025		
Ut		
Dato	Konto: 3244.05.20501 (Brukskonto)	Beløp NOK
27.01.2025	Arne Haugen - Honorar for avlyst oppdrag 25.01	2000
27.01.2025	Egil Lindanger - Honorar for avlyst oppdrag 25.01	2000
31.01.2025	Omkostninger	6
12.03.2025	Venke Særsten - Gave til Sandeid Ungdomslag	288,9
12.03.2025	Tatjana - Danseundervisning vår 2025	4000
31.03.2025	Omkostninger	6
10.04.2025	Støtte til klatrevegg Vikedal Idrettshall	20000
10.04.2025	Vindafjord Røde Kors - Leie av lager	24000
30.04.2025	Omkostninger	6
14.05.2025	Daria - Danseundervisning vår 2025	8800
13.05.2025	Omkostninger	3
31.05.2025	PRO ISP AS - Fornyelse hjemmeside	435
03.06.2025	PRO ISP AS - Hjemmeside	223,75
12.08.2025	Sommerfestivalen - Utlegg gullmynter til Kaptein hjørnetann	586,8
31.08.2025	Omkostninger	3
15.12.2025	Noregs Ungdomslag - Medlemskontigent	10890
22.12.2025	Joker Vikedal	354,83
22.12.2025	Daria - Danseundervisning høst 2025	14400
31.12.2025	Omkostninger	3
	Sum	88006,28

Vikedal ungdomslag




...for ei aktiv bygd!



		
Regnskap for Vikedal Ungdomslag 2025		
Dato	Konto: 3244.05.18817 (Sparekonto)	Beløp NOK
31.12.2025	Kreditrenter	2069
	Sum	2069

Saldo i Haugesund Sparebank 15.02.2026:

Brukskonto	3244 05 20501	59 216,23 kr
Sparekonto	3244 05 18817	85 050,1 kr
Totalt på konto		144 266,33 kr



BUDSJETT 2026

Forslag til vedtak:

Styret får årsmøtet si godkjenning til å utarbeide budsjett for 2025 på første styremøte etter årsmøtet.



VAL 2026

Styret for 2025 har vert slik:

- Gro Anett Espevoll (2 år)
- Nils Erik Eide (2 år)
- Tone Helen Halleraker (1 år)
- Venke Særsten (1 år)
- Monika Isaksen (1 år)
- Stina Krokedal (2 år)

Det nye styret for 2026 vert foreslått slik:

- Gro Anett Espevoll (1 år)
- Nils Erik Eide (1 år)
- Tone Helen Halleraker (2 år) – attval
- Venke Særsten (2 år) – attval
- Monika Isaksen (2 år) – attval
- Stina Krokedal (1 år)
-

Forslag til vedtak

Årsmøtet vedtek det nye styret for 2026

Styret har signaturett.

Det nye styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet.



AKTIVITETSKALENDER 2026

MND	AKTIVITET
Mars	<ul style="list-style-type: none"> - (Årsmøte VUL for 2025, mandag 9.) - Jubileumsfest Vikedal Bygdahus og Idrettshall 14. - Søknad driftsmidler kommunen – frist 15. - Årsmøte Rogaland Ungdomslag 15. (Kvalavåg)
April	
Mai	<ul style="list-style-type: none"> - Lyd 17.mai - Lyd Ølmedal Rundt 25. (2.pinsedag) - Søknad Hgsd Sparebank sitt gåvefond, frist 31.
Juni	
Juli	<ul style="list-style-type: none"> - Kaptein Hjørnetann under fiskefestivalen i båthamna 11.
August	<ul style="list-style-type: none"> - Førebu søknad om frifondsmidler NU (frist 1.sept)
September	<ul style="list-style-type: none"> - Frist søknad Frifondsmidler 1.
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> - Søknad Hgsd Sparebank sitt gåvefond, frist 31.
November	
Desember	
Januar <small>(2027)</small>	
Februar <small>(2027)</small>	<ul style="list-style-type: none"> - Førebu årsmøtet i mars
Mars <small>(2027)</small>	<ul style="list-style-type: none"> - Årsmøte mandag 8.